



Kari Aanstad
Lyderhornslie 45
5178 LODDEFJORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2126 - 17/22524

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
15.08.2017

Utsleppsløyve for gråvatn frå hytte - gbnr 203/25 Fyllingen

Administrativt vedtak. Saknr: 367/17

Tiltakshavar: Kari Aanstad
Ansvarleg søker: Stusdal VVS AS
Type utslipp : Sanitært avløpsvatn med utslipp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utslippsløyve for gråvatn for fritidsbustad på gbnr 203/25. Storleiken til utslippet er opplyst til å vera 5 pe. Det er to hytter på eigedommen. Denne søknaden gjeld bygningen med adresse Leknesvegen 397.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.07.2017. Frå søknaden:

Tilkobling av vann kobles på eksisterende vannledning som går til Leknesvegen 399 på samme gbnr. Vannledning legges så med synkeledning rundt neset og inn til 397. Dette grunnet vanskelig å få skjult den om den lå på land. Sjå vedlagte situasjonsplan.

Gråvann føres i utslppsledning. Kjøkken, dusj, servant vert tilkoblet gråvannsledning. Sjå situasjonsplan.

Det blir innstallert forbrenningstolett, type cinderella eller lignande.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i målestokk 1:5000 eller større datert 05.07.2017, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 1 d.

Reinsekraft

I mindre følsomt område kan gråvatn sleppast ut i sjø ureinsa etter forureiningsforskrifta kapittel 12.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i *kommuneplan for Lindås 2011 – 2022* er sett av til hytter. I sjø er arealbruken *bruk og vern av sjø*. Planen opnar for legging av leidningar i sjø i føresegnene pkt 5.2 . D. Omsøkte tiltak vert å sjå på som mindre, leidningen på land og i strandsona skal gravast ned og terrenget vert reetablert. Administrasjonen vurderer at dispensasjon ikkje er naudsynt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå naboar.

Privatrettslege tilhøve - Tilkopling til eksisterande anlegg/leidning

Avtale om tilkopling og drift av felles privat vassleidning ligg ved søknaden.

Røyrleggarmelding for tilknytning til kommunal vassleidning via privat leidning er lagt ved.

VURDERING

Plassering

Plassering av leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart motteke 05.07.2017.

Reinsekraft

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre.

Godkjenning etter andre lovverk

Tiltaket krev løyve etter *plan- og bygningslova kap 20*. Søknad er motteken saman med søknad om utsleppsløyve.

Plassering av leidning i sjø må godkjennast etter hamnelova før arbeidet kan setjast i verk. Søknad er sendt til Bergen og omland den 26.06.2017.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for gråvatn frå hytte med adresse Leknesvegen 397 på følgjande vilkår:

1. Gråvatnet kan gå ureinsa i tett leidning til til sjø og ut på djupt vatn, i samsvar med søknad motteken 05.07.2017.
2. Installering av vassklosett krev nytt utsleppsløyve.
3. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avløpsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
4. Tiltaket er søknadspliktig etter reglane i plan- og bygningslova. Naudsynt løyve skal liggja føre før etablering av anlegget tek til.
5. Tiltaket er søknadspliktig etter reglane i lov om havner og farvann. Naudsynt løyve skal liggja føre før etablering av anlegget tek til.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det sendast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avløpsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **saknr.: 17/2126**

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bergen og Omland Havnevesen
Kari Aanstad
Lindås kommune VA-avdelinga
Stusdal VVS AS

Postboks 6040 5892

BERGEN

Mottakarar:

Kari Aanstad
Stusdal Vvs AS

Lyderhornslie 45 5178
Apalen 17 5915

LODDEFJORD
HJELMÅS